

Linda Smådal og Rune Myhr

Eidavegen 560

5993 Ostereidet

20.11.16

Følgjeskriv til søknad om tilbygg på Gnr 233 Bnr 44

Det er halde førehandskonferanse med kommunen den 09.11.16, notatet er vedlagt søknaden.

På prosjektet vårt ønskjer me å utføre maksimalt av eigeninnsats, dette for å kunne ferdigstille prosjektet innafor ein kostnad som me kan handtere. I tillegg har me gjort avtale med familie for å kunne dra vekslar på deira kompetanse på husbygging. Me er kjend med at det er krav til registrerte firma for å ha ansvarsrett i eit prosjekt, men håper at kommunen kan godkjenne den hjelpen me har avtale på, med nær familie. At kommunen kan godkjenne familien som «sjølvbyggjar» saman med tiltakshavar. Dette er ei løysing som kommunen tidligare har godkjent i byggjesøknad til søster til Linda, Birgitte Smådal i byggjesak Sak 14/5209, vedtak sak 155/15.

Ansvarlig søkjar, Kennet Innvær, har tidligare fått lokal godkjenning som søkjar og Pro/Utf grunnarbeid i same tiltak som nemnt over.

Det er søkt om ansvarsrett til Sigbjørn Smådal, som er far til tiltakshavar Linda Smådal. Sigbjørn har ikkje registret firma. Han har søkt om ansvar for Kpr for grunn- og betongarbeid og Kut på grunn- og betongarbeid. Sigbjørn er pensjonist etter tidligare å ha jobba hjå Statens Vegvesen/Mesta. I søknaden er det vedlagt kompetansebevis, som viser at han har nødvendig kvalifikasjon for dei ansvarsretter det er søkt om.

På tømrrarbeidet og våtromsarbeid er det Egil Austbø som søkjer om ansvarsrett. Han er onkel til Linda Smådal og jobba tidigare som byggjeleiar hjå Reknes Hus AS og hjå Walde Hus AS. Han er pensjonist og har ikkje eige firma. Kompetansebevis er vedlagt søknaden.

Me vil leige inn tømrrarfirma for å utføra alt reisverk, takstoler og utvendige arbeider. Firma som vert valgt vil vere eit anerkjent firma med nødvendige kvalifikasjonar. Dette firma vil søkje om ansvarsrett for reisverket/takstoler og utvendig tømrrarbeid, så snart valget av firma er tatt. Pr i dag er dette ikkje avklart.

Reisverk og nye takstoler, på deler av nybygget, vert levert frå trelastleverandør. Val av denne leverandøren er heller ikkje avklart. Reisverket vert levert som precut. Takstolane vert levert ferdig frå fabrikk. Leverandøren vil søkje om ansvarsrett for Pro og Kpr av reisverk og takstoler.

Me søker med dette også om fritak for uavhengig kontroll av lufttetthet på huset. Den eksisterende del av huset er ikke bygd med tanke på tetthets måling. Nybygget vil ha løsninger som klarer tetthets kravet, men samla vil ikke bygget oppnå krav til tetthet. Uavhengig kontroll av våtrom vil verte utført, slik kravet er.

For å unngå å koma i konflikt med naboen i grensa mot LNF området, har me valgt å vri tilbygget på huset slik at me oppnår nødvendige 4m frå grensa. Dette viser seg å vere ei svært god løsning, som alle partar kan godkjenne når det gjeld både utsjåande og plasseringa i terrenget på tomten. Huset vil no liggje finere i terrenget og vil få eit betre preg av kvalitet.

Annekset på 27 kvm er tenkt rive av tiltakshavar. Deler av reisverket vil verte brukt som forskaling på grunnmuren. Trelast som ikke vert brukt går til ved. Overskytande går i bygningsavfallet og vert levert til godkjend deponi. Pga av den begrensa avfallsmengde vert det ikke utarbeidd avfallsplan.

Bustaden slik den framstår i dag, er prega av dårleg vedlikehald og det er påkrevd med omfattande arbeid som skifte av kledning, tak og vinduer for å få eit betre og meir hensiktsmessig hus å bu i. Dette er det teke omsyn til i prosjektet og det er praktisk og økonomisk fornuftig å utføra desse arbeidene samtidig som ein byggjer på huset. Når huset står ferdig vil ein ha eit hus som står meir i stil med dei fire andre bustadane i feltet.

Vegen inn til huset og tilkomst til bustaden vert ikke endra. Det gjeld også forhold til vatn og kloakk, som begge er kommunale.

Mvh


Linda Smådal og Rune Myhr